



Statens vegvesen

Likelydende brev – se vedlagt liste

Behandlende enhet: Region vest	Saksbehandler/telefon: Kjersti Myre / 55516219	Vår referanse: 16/43203-1	Deres referanse:	Vår dato: 18.03.2016
-----------------------------------	---	------------------------------	------------------	-------------------------

Fv. 565 Alverstraumen, mulighetsstudium

Viser til tidlegare kontakt i saken.

Arbeidet med å finne alternative løysningar for ny kryssing over Alverstraumen er no avslutta, og rapporten frå forprosjektet/mogelegheitsstudiet datert 31.01.2016 vert med dette sendt over til Hordaland fylkeskommune og Lindås kommune.

I rapporten vert det anbefalt ein trasé i korridor midt. Korridor sør er i forprosjektet vurdert som ei mogeleg løysing. Denne korridoren har store utfordringar på grunn av topografiske forhold, og er også ei svært kostbar løysing. Løysinga er langt frå optimal med tanke på lokal funksjon, noko som er svært viktig i dette prosjektet. Det vert også presisert at usikkerheita både når det gjeld tekniske løysingar og ikkje minst kostnader er betydeleg større i korridor sør.

Vi meiner at gjennom arbeidet som er utført har det kome tydeleg fram at den midtre korridoren skil seg ut som den klart mest fordelaktige. Statens vegvesen vil difor anbefale at det i den nye kommunedelplanen for Knarvik – Alverstraumen blir lagt inn tilstrekkeleg areal for ei løysing i korridor midt. Korridor sør er av fleire grunnar lite aktuell og vi råder til at denne korridoren ikkje tas med i den nye kommunedelplanen.

Sidan korridor midt peikar seg klart ut som den beste løysinga foreslår vi at vi kan gå rett på ein reguleringsplan med konsekvensutgreiing. Her vil traséen og bruløysinga bli optimalisert og detaljert.

Statens vegvesen stiller gjerne på eit møte om det er behov for ein gjennomgang av forprosjektet, og vi kan om ønskeleg involverast i arbeidet med kommunedelplanen.

Vegavdelingen Hordaland
Med hilsen

Olav Finne
Avdelingsdirektør

Sindre Lillebø
Seksjonssjef

Likelydende brev sendt til
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN
Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.